

INTERKOMMUNAL SJØAREALPLAN FOR AUKRA OG HUSTADVIKA KOMMUNAR

Planprogram



Oppretta 05.11.2021
Revidert 07.01.2022
Endeleg versjon,
politisk godkjenning
06.04.2022

INNHALD

<i>INTERKOMMUNAL SJØAREALPLAN FOR AUKRA OG HUSTADVIKA KOMMUNAR</i>	1
<i>1. Innleiing</i>	3
1.1 Bakgrunn	3
1.2 Formål med planarbeidet	3
1.3 Planavgrensing	4
1.4 Overordna rammer for planlegging i sjø.....	5
1.5 Kommunalt planverk.....	7
<i>2. Planprosess</i>	7
2.1 Krav til innhald, utgreiingar og samarbeid.....	8
2.2 Organisering.....	9
2.3 Framdriftsplan:.....	11
2.4 Medverknad	11
<i>3. Fokusområde</i>	13
3.1 Sentrale utfordringar og interesseavvegingar	14
3.2 Plantema	14
3.3 Arealanalyse.....	14
<i>4. Status i planområdet og behov for ny kunnskap.....</i>	<i>15</i>
4.1 Naturmangfald	15
4.2 Friluftsliv. Folk si helse, oppvekstsvilkår	16
4.3 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.....	16
4.4 Samferdsel	17
4.5 Forureining og støy	18
4.6 Fiske	19
4.7 Havbruk.....	19
4.8 Anna sjøbasert næring og infrastruktur	20
4.9 Dybde og hydrografi	21
4.10 Klima.....	21
4.11 Samfunnstryggleik og beredskap.....	22

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

Ressursane i kystsona blir stadig viktigare for næringsliv, verdiskaping og fritid. Kommunane i ytre del av Romsdal har lange og sterke tradisjonar for bruk av sjøareal til fiskeri, ferdsel og havbruk. Det er aukande merksemd i samfunnet på biologisk mangfald i og i tilknytning til sjøen, og at livskraftige økosystem er sjølvne grunnlaget for framtidig bruk og ressurstilgang. Med aukande velstandsutvikling har også bruken av sjøareal til turisme, fritids- og rekreasjonsføremål auka. Ulike bruksinteresser konkurrerer om areala, og målet er finne ein god sameksistens gjennom arealplanlegging i sjø. Arealplan i sjø er ein overordna plan med nasjonale og regionale føringar der kommunestyra er planmynde og innafor visse grenser avgjer "kvar dei vil og kvar dei ikkje vil" ha ulik aktivitet. Kommunane sine vedtak kan ikkje vere i strid med nasjonale og/eller vesentlege regionale interesser. Det er viktig å skilje mellom ein overordna plan og det som let seg realisera til faktisk bruk. Når ein kommune har sett av areal til akvakultur, med grunnlag i kjent kunnskap, betyr det at det er tillate å søkje om etablering av akvakultur. Deretter skal lokaliteten vurderast av ulike fagmynde om krava etter akvakulturlova kan imøtekomast og løyve kan tilråast.

Det er viktig å planlegge heilskapleg, kunnskaps- og økosystembasert i større område, då tiltak i ein kommune fort kan påverke kva tiltak nabokommunen kan realisere. Aukra og Hustadvika er felles om fjordsystemet Julsundet / Harøyfjorden og dei ressursrike og vêrharde sjøområda mot storhavet i vest. Sør for oss, Romsdalsfjorden, og hav- og fjordsystema på Nordmøre (Kornstadfjorden til Trøndelag grense) har tidlegare vore gjennom felles sjøarealplanlegging. Aukra og Hustadvika kommunar har begge mål om gjennomføring av arealplanlegging i sjø i sine planstrategiar. Kommunane fekk, etter felles søknad om støtte i 2020, ei løyving på kr 1.500.000,- frå Marint miljøsikrings- og verdiskapingsfond i Møre og Romsdal fylkeskommune til gjennomføring av planarbeidet.

1.2 Formål med planarbeidet

Aukra og Hustadvika kommunar har starta ein felles planprosess og har som mål at eit første planforslag skal vere klart til høyring og vedtak innan utgangen av 2022. Ein felles planprosess vil lette arbeidsmengda i den einskilde kommunen og legge til rette for eit felles forvaltningsgrunnlag og forvaltningspraksis i planområdet. E


Planarbeidet skal skje etter reglane om interkommunalt plansamarbeid i plan- og bygningslova, jf. PBL § 9-1 og elles følgje planprosessreglane i PBL kapittel 4 (utredningskrav), kap. 5 (medverknad) og kap. 11 (kommuneplan). **Ein utfyllande avtale om til dømes handtering av etableringssøknadar, prioritering av knappe ressursar og felles utviklingsplanar kan vurderast i samsvar med PBL § 9-6. Planen blir utarbeidd som ein kommunedelplan.**

Første del av planprosessen er å lage eit planprogrammet, jf. PBL § 4-1. Planprogrammet skal gje ei oversikt over innhald i planen, planprosess, behov for utgreiing i form av konsekvensutgreiingar, organisering av arbeidet, framdrift og opplegg for medverknad.

Planen skal

- skape grunnlag for meir heilskapleg og økosystembasert¹ forvaltning av sjøområda i kommunane
- **legge til rette for ein arealbruk som tek vare på naturmangfaldet og viktige naturverdiar**
- resultere i felles plankart med føresegner og planutgreiing knytt til arealbruken i sjøområda.
- sikre areal til marin næringsssatsing på eigna lokalitetar
- koordinere bruk og forvaltning i sjøområda
- ta omsyn til kystareala med bakgrunn i gjeldande planar i kommunane
- spegle ønska arealpolitikk, lokalt, regionalt og nasjonalt
- avdekke og avklare interessekonfliktar
- sikre viktige område for næringsutnytting, ferdsel, friluftsliv, vern av natur og kulturminne
- vere dynamisk og fleksibel i samband med framtidige behov
- vurdere arealbruk i sjø i høve til arealbruk på land

Planarbeidet støttar seg til FN sine berekraftsmål. Dei siste tiåra har naturmangfald på jorda blitt kraftig redusert. Dei fem store drivkreftene er øydelegging, oppsplitting og forringing av artane sine leveområde, overdriven jakt/ fangst, framande og invaderande artar, forureining og klimaendringar. Ei utvikling som tilfredstiller dagens behov utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine moglegheiter, er eit viktig utgangspunkt for all planlegging. Planarbeidet vårt vil i særleg grad falle inn under desse berekraftsmåla:



1.3 Planavgrensing


Den interkommunale sjøarealplanen dekkjer sjøareala innafor kommunegrensene til kommunane Aukra og Hustadvika.

Planområdet er avgrensa mot land i kystkonturen, basert på NN 2000, og i sjø til ei nautisk mil utafor grunnlinja.

Detaljregulerte område vil i utgangspunktet ikkje vere en del av planprosessen. Kommunane kan ta inn einskildområde dersom det er formålstenleg. Reguleringsplanar skal fortrinnsvis visast som illustrasjonar med hovudføremålsfargar i plankartet.

¹ Definisjonen er noko uklar, fagmiljøa arbeider med saka. Store norske leksikon: Prinsippet om økosystemtilnærming/samlet belastning innebærer at påvirkningen et tiltak, inngrep eller en aktivitet har på økosystemet, må vurderes ut fra den samlede belastningen som økosystemet blir utsatt for.

Kart over planområdet:



(Bilde henta frå GisLink)

1.4 Overordna rammer for planlegging i sjø

Kommunal og moderniseringsdepartementet oppsummerer i vegleiar for Planlegging i sjøområdene (mai 2020) forventninga til kommunane om planlegging i sjø²:

«Samordning i plan- og bygningsloven er det viktigste virkemiddelet for å sikre sektorovergrepande samfunnsplanlegging med helhetlige løsnings. I kommunens sjøarealer krever planer etter plan- og bygningsloven samordning og samarbeid om oppgaveløsning med blant annet Kystverket, Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, Forsvarsbygg, fylkeskommunen, fylkesmannen, kommunal/interkommunal havnemyndighet, private organisasjonar, næringsaktørar og innbyggerne. Et godt samarbeid med alle berørte interesser i sjøområdene bidrar til å sikre god balanse mellom bruk og vern av ressursene, forebygger arealkonflikter, gir planen legitimitet og sikrer at det blir mindre behov for dispensasjonar frå planene.

Næringsaktørar og myndighetsorganer med interesser i sjøområdene må forholde seg til flere lovverk med tilhørende forskrifter, som til saman danner det formelle rammeverket for bruken av sjøarealene. *I den grad det er interessekonflikter mellom sektorforvaltningens kompetanseområder som skapar uklare grenseflater, har kommunene en viktig funksjon i å løfte opp saken, få fram informasjon og sørge for at interessene blir vurdert i en helhetlig sammenheng.*» (Utheving av tekst er gjort her).

² Kommunal og moderniseringsdepartementet: Veileder, Planlegging i sjøområdene. Mai 2020, s. 8-9

1.4.1 Plan- og bygningsloven (PBL)

Kommunane si plikt til å integrere sjøareala i den overordna planlegginga følgjer av plan- og bygningslova (2008), jf. § 1-2. Sjøarealplanen (**kommunedelplan**) utgjer eit plankart med tilhøyrande føresegner og planutgreiing jf. § 11-5.

Arealbruksføremålet; *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone* (PBL § 11-7 nr. 6) skal brukast for planlegging i sjøareala. Dette arealføremålet blir brukt til å fastslå arealbruk i sjø, vassdrag og i den tilhøyrande strandsona. Føremålet kan delast inn i områder for ferdsel, farlei, fiske, akvakultur, naturområde og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon. Vidare slår § 11-11 nr. 3 fast at det kan lagast eigne vedtekter for arealbruken i vassoverflata, vassøyla og botnen (gjeld både ferskvatn og i sjø). **Vedtekter som blir gjeldande for ulike plannivå, er aktuelle for denne planen.** Det kan og setjast av omsynssoner knytt til dette arealføremålet med eigne føresegner og retningslinjer, jf. § 11-8.

1.4.2 Relevante lover som påverkar planlegging i sjø

- Naturmangfoldslova. Merk særleg vurderingskriteria i §§ 8-12 jf. § 7. Andre viktige dokument for forvaltning av denne lova:
 - Veileder om naturmangfoldloven kapittel II
 - Veileder til forskrift om utvalgte naturtyper
- Lov om akvakultur av 17. juni 2005 (akvakulturlova)
- Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr.16 (friluftsløva)
- Lov om forvaltning av viltlevende marine ressurser av 6. juni 2008 (havressurslova).
- Lov om havner og farvann mv. av 21. mai 2019 (havne- og farvannsloven)
- Lov om kulturminner av 9. juni 1978 (kulturminneløva)
- Lov om laksefisk og innlandsfisk mv. av 15.mai 1992 (lakse- og innlandsfisklova)
- Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. av 19. desember 2003 (matlova)
- Lov om vassdrag og grunnvann av 24. november 2000 (vassressurslova)
- Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 (forurensningslova)
- Lov om erverv og utvinning av mineralressurser av 19.06.2009 (minerallova)
- Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. av 29.06.1990 (energiløva)
- Lov om fornybar energiproduksjon til havs (havneenergiløva) av 04.06.2010

- Lov om klimamål av 16. juni 2017 (klimaløva)
- Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermingsverdige objekter og bunnforhold av 21. juni 2017 (informasjonskontrolløva)

1.4.4 Forskrift om rammer for vannforvaltningen (vannforskrifta)

Vassforskrifta gjeld frå 1.1.2007. Forskrifta er heimla i forurensningslova, plan- og bygningslova og vannressurslova. **Oppdatert vegleiar frå KMD om bruk av vassforskrifta § 12 i plansamanheng blir lagt til grunn for planarbeidet³.** Hovudmålet med vassforskrifta er å sikre god miljøtilstand i vatn, både vassdrag, grunnvatn og kystvatn. Havområda til Aukra og Hustadvika inngår i Møre og Romsdal vassregion. Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for oppfølging av vassforskrifta lokalt. Sjøarealplanen for Aukra og Hustadvika skal lagast i samsvar med vassforvaltningsforskrifta og ta omsyn til det pågåande forvaltningsplanarbeidet i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune. Siste oppdaterte forskrift gjeld for tidsromet 2022 – 2027.

1.4.5 Nasjonale forventningar

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023 av 14. mai 2019

³<https://www.vannportalen.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2TRDUKDH7HEGBHKZPUTZNOOSL>
[LL](https://www.vannportalen.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2UMZ2FPJJACV5EJS7LVN5NV5UJ2),
<https://www.vannportalen.no/sharepoint/downloaditem?id=01FM3LD2UMZ2FPJJACV5EJS7LVN5NV5UJ2>

- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2021)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2018)
- Lov og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder, rundskriv H-6 18
- Meld. St. 40 (2020-2021) Mål med mening – Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030.
- Meld. St. 29 (2020.2021) Heilskapleg nasjonal plan for bevaring av viktige område for marin natur
- Meld. St. 30 (2018-2019) Samhandling for betre sjøtryggleik
- Meld. St. 16 (2014-2015) Forutsigbar og miljømessig bærekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett
- Norges nasjonale miljømål
- Norsk rødliste for arter 2021, Artsdatabanken, 24.nov. 2021.

1.4.6 Fylkes- og regionale planer

Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021-2024

FylkesROS Risiko- og sårbarhetsanalyse Møre og Romsdal (2017). (under revisjon)

Regional delplan for kulturminner av regional og nasjonal verdi

Regional vassforvaltningsplan i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027

Regional delplan for kulturminner (2015)

Regional plan for vassforvaltning i Vassregion Møre og Romsdal 2016 - 2021

Regional delplan for klima og energi 2015 – 2020 (under revisjon)

Fylkesstrategi for miljø, klima og energi i Møre og Romsdal (under utarbeiding)

1.5 Kommunalt planverk

1.5.1 Gjeldande arealplanar i sjø:

Aukra kommune:

- i. Kommuneplan for Aukra, arealdelen (2017)
- ii. Kommuneplan for Aukra, samfunnsdelen (2019)
- iii. Hovudplan for avløp (2021)
- iv. Klima- og miljøplan (2021)
- v. Helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse (2019)
- vi. Kulturminneplan for Aukra (rev. 2020)

Hustadvika kommune:

- i. Kommuneplan for Hustadvika, arealdelen (Fræna, 2014. Eide, 2004)
- ii. Kommuneplan for Hustadvika, samfunnsdelen (2020)
- iii. Hovudplan for vatn og avløp (2021)
- iv. Overordna ROS-analyse, Hustadvika kommune (2020).
- v. Kulturminneplan 2020 – 2023 (Fræna), Kulturminneplan 2017 – 2021 (Eide)
- vi. **Sjøarealplan Nordmøre (Eide, 2018)**
- vii. **Arealbruksplan for Atlanterhavsveien (kommunedelplan, 2005)**

2. Planprosess

Fase 1. Utarbeiding av planprogram, melding om oppstart.

Fase 2. Arbeid med hovudplan, medverknad.

Fase 3. Politisk godkjenning av plan for høyring, arbeid med høyringssvar, politisk sluttgodkjenning av plan.

2.1 Krav til innhald, utgreiingar og samarbeid

2.1.1 Planprogram

Planprogram, PBL § 4-1:

Planprogrammet skal gjø̀re rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativ som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes ut på høring og legges til offentlig ettersyn samtidig med varslng av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.

Dersom berørte regionale og statlige myndigheter på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale hensyn, skal dette fremgå av uttalelsen til forslaget til planprogram.

2.1.2 Planutgreiing og konsekvensutgreiing

Reglar for planutgreiing og konsekvensutgreiing finn vi i PBL § 4-2:

Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hoveddnhald og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området.

For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensvurdering – av planens virkninger for miljø og samfunn.

Konsekvensutgreiinga sitt innhald skal tilpassast den aktuelle planen, og skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon og vere aktuell for dei avgjerslene som skal bli tekne. KU skal omfatte dei delane av planen som fastset rammer for framtidig utbygging, og som inneheld endringar av gjeldande planar. KU skal også gjere greie for alternativ lokalisering og teknologi, og val av alternativ skal grunnjevast ut frå samla verknad på miljø og samfunn. Oppsummert skal også den samla påverknaden som alle tiltaka har på miljø og samfunn, vurderast.

Det vil bli utarbeidd ein felles mal for utgreiing og vurdering gjennom ei to-vegs matrise for verdi og konsekvens etter metodikk utvikla av Statens vegvesen. Metodikken blir supplert med Miljødirektoratet sin KU - rettleiar for klima- og miljøtema. Kunnskapsgrunnlaget for einskildetableringar kan vere mangelfullt. For KU som må lagast og som ikkje er ein del av særlovhandsaming (t.d. akvakultur og energiproduksjon), vil kommunane vurdere å krevje betalt av forslagsstillar, til dømes kostnadar med innhenting av naudsynt dokumentasjon.

Aktuelle tema for KU:

- Naturmangfald, inkludert sjøfugl, tareskog, ålegrasenger, korallrev, røddlisteartar
- Akvakultur - ulike former, påverknad på vill saltvassfisk
- Ferdsel
- Fiske
- Gyteplassar
- Vill anadrom laksefisk, laks og sjøaure
- Skjelsand og tare
- Forureining og vassmiljø
- Kulturminne i sjø og tilgrensande kulturmiljø på land
- Støy
- Friluftsliv og helse + barn og unge
- Busetting og fritidsbusetting

2.1.3 Samfunnstryggleik og risiko- og sårbaranalyse

PBL § 4-3:

Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta en slik analyse. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for om arealet er egnet til utbyggingsformål, og eventuelle endringer i slike forhold som følge av planlagt utbygging. Område med fare, risiko eller sårbarhet avmerkes i planen som hensynssone, jf. §§11-8 og 12-6. Planmyndigheten skal i arealplaner vedta slike bestemmelser om utbyggingen i sonen, herunder forbud, som er nødvendig for å avverge skade og tap.

Risiko- og sårbaranalysen (ROS) i den interkommunale sjøarealplanen vil bli utført som ein del av konsekvensutgreiinga. Det er aktuelt med eit særleg fokus på faren for skipsforlis på Hustadvika. Aktuelle tema for ROS:

- Forlis på Hustadvika
- Ras / flodbølger / havnivåstigning

2.1.4 Samarbeid og kommunikasjon i planlegginga

PBL. §3-1:

Planleggingen skal fremme helhet ved at sektorer, oppgaver og interesser i et område ses i sammenheng gjennom samordning og samarbeid om oppgaveløsning mellom sektormyndigheter og mellom statlige, regionale og kommunale organer, private organisasjoner og institusjoner, og allmennheten.

Planleggingen skal bygge på økonomiske og andre ressursmessige forutsetninger for gjennomføring og ikke være mer omfattende enn nødvendig.

Planer skal bidra til å gjennomføre internasjonale konvensjoner og avtaler innenfor lovens virkeområde.

Vedtatte planer skal være et felles grunnlag for kommunal, regional, statlig og privat virksomhet i planområdet.

2.1.5 Utarbeiding av planen

Planen skal lagast etter gjeldende standarder i: *Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskriften)*, og i hovedsak basere seg på eigen kompetanse. For kartarbeidet må ekstern kompetanse hentast inn.

2.1.6 Gjennomføring og oppfølging av planen

Gjennomføring og oppfølging av planen, jf. PBL § 9-6. Partane i eit interkommunalt plansamarbeid bør inngå avtale om gjennomføring av slike planar, når det er behov for samordning av arealbruk og verkemidlar for gjennomføring. Kommunane kan gjennom ein slik avtale sikre at dei har felles forståing av planen og bidra til lik praksis i framtidig forvaltning.


2.2 Organisering

Kommunane vil ha eit prosjektbasert samarbeid organisert etter PBL kap. 9. Planarbeidet blir leia av eit styre med to administrative representantar frå kvar kommune. Kommunane har henta inn ekstern prosjektleiar / plankompetanse for å leie og gjennomføre planarbeidet. Prosjektleiar tek del i styringsgruppa og er sekretær for denne. Styret skal behandle overordna premiss og spørsmål i planprosessen. Det skal opprettast ei arbeidsgruppe for kart og ei for areal. Fylkeskommunen stiller med ein representant i rådgjevande rolle. Prosjektleiar og arbeidsgruppene vil stå for det operative arbeidet. Under gjennomføring av planarbeidet vil det bli oppretta referanse- / ressursgrupper etter behov.

Planarbeidet vil vere politisk forankra i dei einskilde kommunestyra. Kommunestyra eig prosjektet. Kvart kommunestyre gjer endeleg planvedtak for sitt område. Etter vedtak i kvart kommunestyre er planen bindande for kvar kommune sitt sjøareal, jf. PBL § 11.6 første ledd. Vedteken plan skal vere

felles forvaltingsgrunnlag for kommunal, regional, statleg og privat verksemd i planområdet, jf. PBL § 3-1.

Organisasjonskart:



2.3 Framdriftsplan:

Oppgåver	2021				2022			
Utarbeide forslag til planprogram, diskusjonar med regionale fagmynde								
Møte i regionalt planforum				8. des.				
Melding om oppstart planarbeid. Offentleg ettersyn av planprogram, 6 veker					jan./ febr.			
Vedtak, planprogram						april		
Opne møte i kommunane, referansegrupper og medråderett					febr. / mars			
Samanstille eksisterande og ny kunnskap/temakart. Interessekonfliktar, utgreie og prioritere. Planutgreiing, føresegner og retningslinjer. KU og ROS. Planforslag Plankart								
Høyring, offentlig ettersyn av planforslag. Arbeid med høyringssvar								
Planvedtak i kvar kommune.								
Kunngjering av planvedtak.								2023

2.4 Medverknad

2.4.1 Deltaking i planlegginga

Retningslinjer for deltaking i planlegginga finn vi i PBL § 3-2:

Alle offentlige organer har rett og plikt til å delta i planleggingen når den berører deres saksfelt eller deres egne planer og vedtak og skal gi planmyndighetene informasjon som kan ha betydning for planleggingen.

2.4.2 Opplegg for medverknad

Kommunane skal sørge for at det i alt planarbeid blir lagt til rette for medverknad, og minimumskravet er gjennomføring av varsling, høyring og offentlig ettersyn etter plan- og bygningslova. Det skal gjennom heile planarbeidet leggjast til rette for breie, opne og tilgjengelege planprosessar og slik sikre reell og aktiv medverknad for alle grupper.

Følgande tiltak blir søkt gjennomført:

- Informasjons- og arbeidsmøte med kommunale (inkl. Bjørnsund Leirskule), regionale og statlege fagetatar
- Informasjons- og arbeidsmøte med interesseorganisasjonar som Fiskeri og havbruksnæringens landsforbund, Friluftslivets fellesorganisasjon, Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal, Norske lakseelvar, Møre og Romsdal fiskarlag og lokale fiskarlag, næringslivsaktørar innan bl.a. havbruk, fiskeri og industri, aktørar innan samferdsle, lag, foreiningar og privatpersonar etc. Første runde med involvering er tenkt i høyringsperioden for planprogrammet. Nemnde organisasjonar, lag og foreiningar blir inviterte til deltaking i referansegruppa.
- Regionalt planforum. Eitt møte er gjennomført: 08.12.21. Neste, 2. halvår 2022 når endeleg plan tek form.
- Bruk av kommunane sine internettsider for deling av informasjon om planarbeidet og prosedyrar for medverknad
- Friluftsliv. Viktige areal for friluftsliv er registrerte i kommunane i samarbeid med Friluftsrådet i Nordmøre og Romsdal. Eige opplegg for barn og unge med utgangspunkt i desse registreringane.
- Møte med ungdomsråda i kommunane.

Kommunane er ansvarlege for organisering av lokal medverknad.

Prosjektgruppa / arbeidsgruppa for plan vil legge vekt på jamleg medverknad frå sentrale og regionale mynde, organisasjonar og næringsaktørar gjennom planprosessen, også før vedtak om oppstart av planarbeidet.

Politikarane i samarbeidskommunane skal haldast orientert om det pågåande planarbeidet gjennom informasjonsmøte / presentasjonar.

Skjematisk framstilling av planprosessen



3. Fokusområde

Planområdet omfattar ei rekke ulike interesser og omsyn som skal takast inn i planarbeidet. Dei ulike interessene vil ein søke å gjere synleg i temakart. Alle temadata skal presenterast digitalt ved hjelp av geografiske informasjonssystem(GIS), og vere tilgjengelege for kommunane i annan arealplanlegging, også etter at arbeidet med Sjøarealplanen er ferdig.

3.1 Sentrale utfordringar og interesseavvegingar

Sentrale utfordringar i planarbeidet vil vere å ta vare på naturmangfaldet, sikre omsynet til kulturminne, og sikre tilgang til gode friluftsområde, samstundes som det blir lagt til rette for ei berekraftig utvikling innan havbruk, fiskeri, samferdsel og anna sjøbasert næringsliv.

Ei økosystembasert og heilskapleg forvaltning av sjøområda krev innhenting av tilgjengeleg kunnskap og pågåande forskning. Denne kunnskapen vil vi hente frå tilgjengelege databasar som ulike fagetatar har laga. Detaljert kunnskap om havbotnen i området er dessverre avgrensa. I nokre tilfelle vil difor kunnskapen om naturmangfaldet / ressursgrunnlaget vere mangelfullt. Erfaring frå pågåande pilotprosjekt innan marine grunnkart (Boknafjorden, Sunnmøre, Troms) viser gjerne større omfang av artsmangfald og utbreiingsområde enn det som tidlegare er registrert. I prosjektet vårt vil vi søke å supplere kjent datagrunnlag med lokal kunnskap og pågåande forskning, og elles vurdere om «føre var» prinsippet i naturmangfaldlova bør få vekt. Prioritering av arealbruk blir søkt med grunnlag i kjent kunnskap om naturgrunnlaget og samfunnsmessige avvegingar.

Ufullstendige kartlegging innanfor ulike tema vil kunne medføre krav om tilleggsutgreiingar i samband med seinare søknadar om framtidig arealbruk.

3.2 Plantema

Tema i planarbeidet:

- Naturmangfald
- Friluftsliv, folk si helse og oppvekstsvilkår
- Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Samferdsel
- Forureining og støy
- Fiske
- Havbruk/Akvakultur
- Annan sjøbasert næring og infrastruktur
- Dybde, botn, sediment, hydrografi m.m.
- Klima
- Samfunnstryggleik og beredskap

3.3 Arealanalyse

Før endeleg planforslag blir framstilt, skal det gjennomførast ei arealanalyse. Analysen skal vere grunnlaget for å bestemme grensene mellom ulike arealbruk. Analysen skal bygge på kjent kunnskap, pågåande forskning og eventuelle nyregistreringar for enkelttema.

Kvart nytt arealbruksføre mål skal registrerast og visast / lokalisert i eit tilhøyrande temakart. Dei ulike arealbruksønska blir plasserte i ein skala for kor godt ønsket passar til arealbruksføre målet (verdisetjing). Ved å kople dette kriteriesettet mot temakarta finn ein eigna område for dei ulike arealbruksønska. Alle arealformåla blir viste i kartet, og der det måtte koma fram konflikt mellom overlappende interesser, må det gjerast kunnskapsbaserte val for kva ønske som skal vinne fram. Vala må elles samsvare med lover og reglar for områda.

4. Status i planområdet og behov for ny kunnskap

Registrering av status for arealbruken i planområdet tek utgangspunkt datamateriale som ulike faginstansar har samla i ulike databasar, til dømes Naturbase, Artsdatabanken, Askeladden, Ygdrasil, GisLink. Planarbeidet har ikkje mål om eller kapasitet til å setje i gang egne undersøkingar / utgreiing om fagtema.

4.1 Naturmangfald

Omgrepet naturmangfald omfattar både biologisk-, landskapsmessig- og geologisk materiale, som i liten grad er påverka av menneskeleg aktivitet. Naturmangfaldet i planområdet skal forvaltast etter prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning.

Naturmangfaldlova har som utgangspunkt at all natur skal forvaltast kunnskapsbasert.

Følgande tema skal takast omsyn til i arealdisponeringa:

- Verneområde
- Nærområde til verneområde
- Utvalde naturtypar
- Marine naturtypar
- Prioriterte artar
- Artsmangfald
- Inngrepsfrie naturområde
- Verdfulle/utvalde kulturlandskap

Verneområda i planområdet utgjer naturreservat, artsfreding, fredingssoner (havstrand og elveoslandskap mm). Datagrunnlaget for desse områda er godt.

Fiskeridirektoratet og Kystverket har gjennom sine kartdatabasar verdfulle opplysningar om naturgrunnlaget i sjø og bruk av sjøområda i planområdet. Kartlegginga er avgrensa og gjev ikkje eit fullstendig grunnlag for naturforvaltninga i planområdet.

Data om arts- og naturmangfald finst bl.a. i Naturbase og Artsdatabanken.

Inngrepsfrie naturområde er registrert i Inngrepsfrie naturområde i Norge (INON).

Verdfulle kulturlandskap er kartlagt og godt dokumentert av Direktoratet for naturforvaltning (DN).

Avklaring i planarbeidet:

Følgande problemstillingar vil vere aktuelle å trekke inn for å ivareta naturmangfald i planarbeidet:

- Kva påverknad har eksisterande og framtidige tiltak eller bruk på landskap, økosystem, naturtypar og artar?
- Samarbeidskommunane har store taretrålingsfelt innafor planområdet som ligg under Fiskeridirektoratet sitt forvaltingsansvar. Verknaden av slik algehausting er ikkje omtala i nærliggande sjøarealplanar, men bør omtalast her.
- Kva vil den samla effekten av dei konkrete arealforslaga i planen vere?
- Det finst alt ei viss oversikt over naturtypar som ålegrasenger og koralllokalitetar. Det blir får forskarhald halde fram at det truleg er meir å finne gjennom nye undersøkingar. Prinsippet om «føre var» må få vekt i vurderinga av nye tiltak.
- Kunnskap om påverknad på ville lakse- og aurestammar frå spreiding av sjukdom og parasittar som følge av oppdrettsaktivitet må vektleggast i høve ny/utvida oppdrettsaktivitet.
- Eventuelt nytt vern, som marine verneområde etc.
- Biologisk mangfald kan i enkelte område vere aktuelt å oppdatere/supplere med lokal kunnskap.
- Kva finst av marin kartlegging som er relevant og tilgjengeleg for planarbeidet? Korleis ta slike data i bruk?

4.2 Friluftsliv. Folk si helse, oppvekstvilkår

4.2.1 Friluftsliv

Tilgang til friluftsområde av høg kvalitet er viktig for livskvalitet, folkehelse og næringsutvikling. Planområdet har fin og variert natur som gir ulike utfordringar til tilkomst og opplevingar.

Overordna mål i planarbeidet med tanke på friluftsliv er å;

- sikre friluftsområde i dag og for framtida,
- utvikle og ivareta god tilgang til friluftsområda.

Statleg sikra friluftsområde er kartfesta, og data er tilgjengeleg i Naturbase.

Møre og Romsdal fylkeskommune og Nordmøre og Romsdal friluftsråd arbeider med å registrere og verdisetje friluftsområde i vår region. Aukra kommune var ferdig med si registrering i 2020.

Hustadvika er i ferd med å avslutte same type arbeid i 2021. Datagrunnlaget er ei rein temakartlegging, der temakart skal danne grunnlag for vurdering av friluftssinteresser i kommuneplanar og reguleringsplanar. Sjøarealplanen kan gjere seg nytte av dette datagrunnlaget.

- Aktuelle mynde og interesseorganisasjonar blir oppfordra til å definere kva kvalitetar som kjenneteiknar viktige friluftsområde i sjø, og kvifor dei er viktige å ta omsyn til.

4.2.2 Folk si helse og oppvekstvilkår for barn og unge

Det er ei forventning om at planarbeidet skal styrke faktorar som fremjar folkehelsa, og at det i planarbeidet blir lagt til rette for fysisk aktivitet for alle innbyggjarar.

Barn og unge sine interesser skal takast i vare. Der det oppstår interessekonfliktar, bør det leggest vekt på barn sine behov for aktivitetsfremjande areal.

Barnetråkkregistreringar er utført, og registreringar av moro-turar i sjø er påbegynt. Datagrunnlag kan ein finne i Naturbase.

4.2.3 Universell utforming

Universell utforming er utforming eller tilrettelegging av hovudløysinga i dei fysiske tilhøva slik at hovudaktiviteten i området kan bli brukt av flest moglege. **I planlegginga er det viktig å tenke på at alle har lyst til å klare seg sjølv, og at ingen i utgangspunktet skal trenge hjelp for å kunne nytte seg av områda/fasilitetane planen omfattar.**

Avklaring i planarbeidet:

- Vurdere om det samla planforslaget oppfyller kravet om universell utforming. Temaet blir vurdert i konsekvensutgreiinga.

4.3 Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap

Miljødirektoratet har kartlagt temadata i planområdet.

Det er mange kulturminne og kulturmiljø som kan bli påverka av aktivitet i sjø, både i sjøen og på land. Desse må takast omsyn til. Den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden fortel at i Aukra og Hustadvika kommune er det kjend 1550 kulturminne av ulike slag. Dei må sjåast i samanheng med planlagde og eksisterande føremål i planen. Det er særleg viktig å ta omsyn til utvalde kulturminne og

-miljø som blir vurdert å vera særskilt verdfulle. Verdivurderinga skal vere basert på eit fagleg grunnlag.

Regional delplan for kulturminne og kommunale kulturminneplanar har gjort ei vekting av kva kulturminne og -miljø som er vurdert som særskilt verdfulle nasjonalt, regionalt og lokalt. Desse skal gjevast særskilt vern i arealplanen, gjennom bruk av omsynssoner (H570 – omsynssone C kulturmiljø) med tilhøyrande føresegner.

Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal vart vedtatt i 2015, og inneheld ei liste over særleg verdifulle kulturminne og -miljø i vårt distrikt. I Aukra kommune er det lista opp 24 utvalde kulturminne og -miljø. I Hustadvika kommune er det lista opp 60 utvalde kulturminne og -miljø.

Begge kommunane har vedtatt lokale kulturminneplanar. Aukra kommune har mottatt midlar frå Riksantikvaren til å oppdatere kulturminneplanen sin frå 2016, til ein *kulturmiljøplan*. Arbeidet med dette er planlagt i 2022. Hustadvika kommune har to kulturminneplanar; ein for Fræna vedtatt 2019, og ein for Eide vedtatt i 2017. Arbeidet med å knyte desse planane saman til *ein* plan for Hustadvika kommune er planlagt slutført i 2022.

Utstrekning av omsynssoner rundt dei utvalde kulturminne- og miljø skal avklarast med rette kulturminnevernmynde. Det skal og avklarast kva føringar desse legg for arealdisponeringa i dei aktuelle områda og eventuelle omsyn og avbøtande tiltak som må setjast i verk.

NTNU Vitenskapsmuseet har ansvar for kulturminne i sjø i vårt område. Det har opp gjennom århundra vore mange skipsforlis i vårt planområde. Vitskapsmuseet opplyser at dei har registrert følgjande:

Hustadvika:	Aukra:
<ul style="list-style-type: none">• 27 sjøfunn• 13 sjøfunnområder• 40 flateindikatorer• 105 punktindikatorer	<ul style="list-style-type: none">• 12 sjøfunn• 7 sjøfunnområder• 14 flateindikatorer• 26 punktindikatorer

Sjøfunn og sjøfunnområde er kjente lokalitetar og funnområde. Indikatorflatene er meir usikre, men bygger på arkivinformasjon, punktindikatorar er område av særleg interesse, ei vik / gamal hamn, handelsstad eller liknande.

Vi vil halde kontakt framover i planprosessen og kome til ei avklaring av kva omsyn planarbeidet må ta til Vitskapsmuseet sitt ansvarsområde.

4.4 Samferdsel

Alle data som gjeld sjøtransport er tilgjengeleg via kystverkets nasjonale kystinformasjonssystem, kystinfo.no.

4.4.1 Farlei og ferdsel

Sjøareal er generelt eit allment og ope ferdselsområde. Forbod mot ferdsel i sjø blir gjerne bestemt med forskrifter av ulikt slag eller av eksklusive løyve som medfører avgrensingar eller hindrar den allmenne ferdselen. Ferdsel i områder avsett i arealplanar, skal som hovudregel skje uhindra av andre tiltak. Kystverket har hovudansvaret for farleiene og farleistrukturen. Ferdslssystemet i planområdet vårt omfattar eit nettverk av ulike farleikategoriar.

Kystverket sin database, Kystinfo, vil vere eit viktig hjelpemiddel for all planlegging av installasjonar og aktivitetar i kystsona.

Avklaring i planarbeidet:

- Definere kva areal som vil vere utan tilgang for akvakultur ut frå Kystverket sine interesser.
- Areal til farleiene (hovudlei og bilei) er definert i Kystinfo.
- Konsekvensen av manglande avklaring kan til dømes bli at areal avsett til akvakultur kjem i konflikt med Kystverket sine interesser som farlei.

4.4.2 Ankringsområder, ankringsplassar og hamneområde:

Kystverket har kartfesta prioriterte ankringsområde som er bandlagt for installasjonar. I tillegg finst ei rekke andre ankringsstader som er viktige for allmenn ferdsel.

Innafor planområdet er det 6 fiskerihamner. Det pågår arbeid for å bestemme vidare status for desse. Det er fleire hamneterminalar og kaianlegg i planområdet.

Avklaring i planarbeidet:

- Innhente data og vurdere ikkje bandlagde ankringsstader opp mot anna arealbruk.
- Eventuelt behov for nye ankringsområder.
- Kva omsyn må takast i høve til hamner og kaianlegg?

4.4.3 Opplagsareal og naudhamner

Planområdet inneheld 1 opplagsareal, og 3 lokalitetar som naudhamner.

Avklaring i planarbeidet:

- Vurdere framtidig behov for opplagsareal.
- Avklare med Kystverket korleis opplagsareal og naudhamner skal takast omsyn til i planarbeidet.
- Konsekvensen av ikkje å få avklart omsyna til opplagsareal og naudhamner kan bli konflikt mellom kommunal arealdisponering og Kystverket sine beredskapsplanar.

4.4.4 Sjøtrafikk og nye samferdselsprosjekt

Planområdet blir trafikkert av ferger, passasjerbåter og ulike frakkebåter.

Eventuelle nye samferdselsprosjekt kan gripe inn i og ha verknad på planområdet.

Avklaring i planarbeidet:

- Kartlegge ferje-, passasjer- og fraktebåttrafikk.
- Korleis handtere vasscooterkjøring i arealplanen.
- Kartlegge om nye samferdselsprosjekt er aktuelle og kva verknad desse vil ha i planområdet.

4.5 Forureining og støy

4.5.1 Utslepp i sjø

Det er registrert nokre område med forurensa grunn og sediment i tilknytning til industri, og utslepp frå vatn/kloakk. Data frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) er punktbasert.

Dumping /fylling av masser i sjø kan ha verknad på vassmiljøet.

Utslepp frå akvakulturverksemd kan verke negativt innafor det økologiske påverknadsområdet.

Småbåthamner kan ha lokal negativ innverknad på miljøet i planområdet.

4.5.2 Deponeringsområde

Det er eitt område for deponering i planområdet (Frænfjorden).

4.5.3 Støy og støysoner

Støysoner langs veg.

Støy frå hamner og kaianlegg.

Støy frå akvakulturanlegg.

Støy frå vasschooter.

Avklaring i planarbeidet:

- Kva er status for kravet frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om opprydding i forureina havbotn utafor verftsindustri / anna industri med utslepp til sjø? Kva konsekvens får kravet for framtidig bruk av dei nære sjøområda til verksemdene?
- Kva påverknad vil areal til småbåthamner ha på miljøet?
- Kva innverknad / bandlegging får deponiområdet i Frænfjorden på fjordsystemet og kva konsekvens får dette for anna arealdisponering?
- Undersøke om det er behov for nye dumpingsområde i sjø, og eventuelt finne eigna lokaliteter for slike.
- Kva omsyn må takast i høve til støy og støysoner?
- Manglande utgreiingar kan føre til at forureina område blir tatt i bruk utan vurdering av konsekvensane for miljø- og tryggleiksrisiko.

4.6 Fiske

Planområdet har viktige gyte- og oppvekstområde for ville fiskebestandar. Det er mange typar fiske i området, med 50 (2019) fiskeregistrerte fartøy og 169 fiskarar (149 = hovudyrke, 20 = biyrke, tal frå 2019). I tillegg er det eit til dels stort fritids- og turistfiske i planområdet.

Fiskeridirektoratet har kartlagt og kartfestet fiskeriinteressene. Data er tilgjengelege gjennom kartprotalen Ygdrasil.no.

4.6.1 Ressursområder

Planområdet har mange ressursområder som f.eks. gytefelt, oppvekstområde, vandringsruter, korallokalitetar, ålegrassenger og tareskog.

4.6.2 Bruksområde

Planområdet har bruksområde som låssetjingsplassar, områder for aktive og passive reidskap, viktige fritids- og /eller turistfiskeområder og tarehaustingsfelt.

Avklaring i planarbeidet:

- Hente tilgjengelege data om ressurs- og bruksområde, og supplere desse med eventuell lokal kunnskap.
- Avklare ulike fiskeriinteresser opp mot andre interesser i område med overlappende føremål / interesser.
- Konsekvensane av manglande utgreiingar kan vere tap av viktige ressurs- og bruksområde innan fiskeri og tap av naturmangfald.

4.7 Havbruk

Det er 6 akvakulturlokalitetar for produksjon av laks og aure og 2 for kveite i planområdet. I tillegg er det ein ventemerdløkalitet for slaktefisk.

Fem av lokalitetane for laks og sjøaure ligg i produksjonsområde 5, dvs. sør for Hustadvika. Tre i Julsundet med en samla produksjonskapasitet på 14400 tonn MTB og to i Harøyfjorden med en

samla kapasitet på 7800 tonn MTB. Lokaliteten i produksjonsområde 6 ligg i Lauvøyfjorden og er klarert for en produksjon på 1560 tonn MTB.

Størsteparten av matfiskproduksjonen av laks og aure skjer i dag i Julsundet, men det er aukande interesse for lokalitetar i meir eksponerte kystområde, både i Aukra og Hustadvika kommune.

Produksjonen av kveite er lokalisert i Kornstad- og Kvernesfjorden mellom Eide og Averøy.

Kveitelokalitetane er klarert for ein samla produksjon på 3120 tonn MTB. Matfiskproduksjon av kveite i sjø må skje på moderat straumsterke stadar, fortrinnsvis i fjordane. Det er grunn til å tru at det vil vere interesse for å auke denne produksjonskapasiteten.

I planområdet er det ei aukande interesse for nye former for akvakultur, som dyrking av tare og tunikater (kappedyr). Slik produksjon kan startast inne i fjordane og i meir vêrharde område lenger ute ved kysten.

Av landbaserte anlegg i planområdet er det gjeve løyve til matfiskproduksjon av laks og aure, settefiskproduksjon av laks og aure, matfiskproduksjon av ferskvassrøye og landbasert stamfisk- og settefiskproduksjon av rensefisk.

Det vil truleg bli ein auke i interessa for landbasert oppdrett i tida framover.

Det er relativt få aktørar i planområdet, og næringa er relativt godt organisert i ulike produksjonsområde. Smittehygieniske fellesområde, med felles utsett og brakklegging, er vedtatt.

Fiskeridirektoratet har oppdaterte data for akvakultur. Det er behov for utfyllande data om kor store areal anlegga treng på havbotnen til deponi og fortøyingar.

Gjennomført og pågåande forskning i planområdet vil kunne gi verdfull kunnskap om berekraftig forvaltning av sjøområda.

Avklaring i planarbeidet:

- Med grunnlag i kjent kunnskap skal det gjerast forsøk på å kartlegge eigna areal for å drive berekraftig havbruksverksemd. Det må avklarast med forvaltande mynde kva som skal leggst til grunn for å finne fram til slike areal.
- Avklare kva former for havbruk som er aktuelle i planområdet.
- Avklare havbruksnæringa sitt arealbehov, både eksisterande og nytt, og vurdere dette opp mot andre arealinteresser.
- Innhente og samordne forskingsresultat med tanke på ei berekraftig og økosystembasert forvaltning av sjøområda, inkludert akvakulturnæringa sin påverknad på naturmangfaldet.
- Konsekvensane av manglande utgreiingar kan bli ei mindre berekraftig havbruksnæring som følge av mindre eigna areal, som i sin tur gjev mindre lønsemd, forvitring av naturmangfaldet og større negativ miljøbelastning.
- Sjå tilrettelegginga for akvakultur i samheng med situasjonen i tilgrensande kommunar / sjøområde .

4.8 Anna sjøbasert næring og infrastruktur

4.8.1 Reiseliv

Det er mange små og større aktørar som driv sjørelatert turisme i planområdet.

Mange baserer næringsaktiviteten på turistfiske og opplevingar knytt til sjøområda.

4.8.2 Småbåtanlegg

Det er aukande press på sjøområda i form av småbåthamner, private flytebrygger etc.

Det er ønskeleg med oversikt over større småbåtanlegg og småbåtkonsentrasjonar i planområdet.

Eksisterande småbåthamner blir viste i plankartet, jamfør punkt 1.3 ovanfor. Nye småbåthamner som måtte vera aktuelle i seinare arealdelar eller reguleringsplanar må takast inn i desse konkrete planarbeida og ta omsyn til eventuelle arealdisponeringar som blir gjort i denne planen.

4.8.3 Infrastruktur

Leidningar for vatn og kloakk, straumforsynings- og kommunikasjonskablur, gassrørleidningar i sjø.

Småbåthamner, kaianlegg og sjønære industriareal.
Data blir henta frå kommunane, nettselskap og industri.

4.8.4 Industri og transport knytt til sjø

Planområdet har fleire sjønære industriareal og sjøvegs transport knytt til desse.

Avklaring i planarbeidet:

- Kartlegge viktige områder for fritids- og turistfiske og evt. andre former for turisme som skal inngå i grunnlaget for arealdisponeringa.
- Kartlegge større småbåtanlegg.
- Tilgjengelege data om infrastruktur skal registrerast og presenterast i temakart.
- Kartlegge sjønære industriareal og sjøvegs transport knytt til desse, og avklare kva omsyn dette krev i høve til arealdisponeringa.
- Manglande utgreiing kan medføre konflikt mellom reiselivsinteresser og andre interesser.

4.9 Dybde og hydrografi

4.9.1 Dybde

Kunnskap om dybde og botntopografi vil legge grunnlag for ei meir heilskapleg forvaltning av planområdet.

Tilgjengelege dybdedata er eldre målingar med svært varierende kvalitet og låg detaljeringsgrad. For at data skal vere funksjonelle for føremålet må ein ha tilgang på data med større detaljeringsgrad. Nyare målingar er detaljerte nok, men det er restriksjonar for kva ein får tilgang til av tryggleiksomsyn, jamfør sikkerhetsloven. Forvaltning av sjøområda blir lettare når den landsdekkande kartlegginga i form av marine grunnkart er gjennomført av Statens kartverk og metadata om det marine naturgrunnlaget er produsert.

4.9.2 Hydrografi

Straumtilhøva har stor verknad på fjord- og sjøområda som økosystem. Straumkatalog for planområdet hadde vore ønskeleg.

Avklaring i planarbeidet:

- Finne ut kva detaljeringsgrad med omsyn til dybde og botntopografi som må til for å kunna gjere ei heilskapleg og økosystembasert arealavveging. Eventuelt om det er aktuelt å søke forsvaret om frigiving av data for nærare definerte område.
- Bruke forskingsresultat, der slike finst, og integrere dei i arealanalysane, bl.a. med tanke på lokalisering av akvakulturverksemd.
- Konsekvensen av manglande utgreiing kan bli mindre heilskapleg og økosystembasert forvaltning, med auka risiko for spreiding av sjukdom og parasitter.

4.10 Klima

Havområda har ei viktig rolle i klimareguleringa over heile jorda. Havet bind store mengder CO₂. Ein uheldig konsekvens er at dette fører til forsuring av sjøvatnet. Saman med oppvarming av sjøvatnet blir dette ei utfordring for fleire akvatiske miljø.

Lagring av CO₂ i utrangerte oljefelt er eit nytt tema for arealbruk i sjø, enno på forskings og utgreiingsstadiet. Energiproduksjon på store felt med havvindmøller og bølgekraft er likeins under utgreiing. Oppdrett av algar (tare) kan binde store kvantum CO₂ og vere råstoff til blant anna biobrensel, til erstatning for fossil brensel.

I den grad slike klima- og energitema er relevante for planområdet, vil desse bli innarbeidde i planarbeidet.

4.11 Samfunnstryggleik og beredskap

4.10.1 Skred og flaum

Det skal registrerast område som kan vere utsette for skred og flaum som kan få konsekvensar for sjøområde. Tilgjengelege data frå Norges geologiske undersøkelse (NGU) og Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har låg grad av nøyaktighet.

4.10.2 Havnivåstigning

Havnivået i planområdet er vurdert å stige med mellom 61 og 69 cm i perioden 2000-2100. I same periode vil landhevinga vere på mellom 21 og 29 cm.

Avklaring i planarbeidet:

- Område som kan vere utsett for flaum og skred må avgrensast meir nøyaktig, og det må vurderast kva konsekvensar dette kan få for arealdisponeringa. Lokal kunnskap kan gi verdfull supplerande kunnskap.

Utføre ROS-analyser:

Vurderingar med omsyn til havnivåstigning vil bli gjort som ein del av ROS-analysen.